

MØTEPROTOKOLL

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 09.06.2026**Møtestad:** Formannskapssalen, 3.et.**Møtetid:** 14:58 - 16:02**Behandla saker:** 42-45/26

Møteleiar:	Parti:
Eirik André Hesthamar	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Eirik André Hesthamar	FrP
Harald Geir Haga	FFO
Henriette Madel Mori Lien	Ap
Hildegunn Stokke	H
Jonny Saltnes	FFO
Laila Grosvold Nygård	FFO
Rebekka D. Holmaas	NFU
Sturle Svendal	FFO
Åse Mariann Gjerde	REV

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Anne Turid Bjørnevik	KrF
Gerd Grefsrud Jakobsen	NHF

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Henriette Madel Mori Lien	Ap
Laila Grosvold Nygård	FFO

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Eystein J. Venneslan, utvalsekretær Aina Haugland og prosjektleiar Martha Gindl.

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
42/2026	26/5574 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
43/2026	25/19727 Nye omsorgsbustader - Osøyro og Eikelandsosen
44/2026	24/9101 Heilskapleg innsats- og bustadtrapp
45/2026	26/5574 Politisk kvarter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 29.05.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 42/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 09.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl.14:58

Forfall:

Gerd G Jakobsen, NHF - vara Laila G. Nygård, FFO
Anne Turid Bjørnevik, KrF - vara Henriette M.M. Lien, Ap

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 29.05.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 29.05.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

43/2026 - NYE OMSORGSBUSTADER - OSØYRO OG EIKELANDSOSEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering, og gir kommunedirektøren fullmakt til å forhandle og inngå intensjonsavtale med Allstad for Osøyro og Samfunnspartner for Eikelandsosen.
2. Fullmakta gjeld innafor rammene som går fram i saka. Om lag 50 omsorgsbustader i Osøyro og om lag 20 omsorgsbustader i Eikelandsosen. Begge bygga skal ha dagsenter, personalbase, nødvendige fellesareal for bebuarane og tilhøyrande funksjonar. Utbygginga skal vere innafor rammene for investeringstilskot frå Husbanken og momsrefusjon frå Skatteetaten.
3. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Allstad om sal av gnr/bnr 53/372 i Osøyro til kr 12,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle og inngå opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.

4. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Samfunnspartner om sal av gnr/bnr 122/135 i Eikelandssosen til kr 7,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.

5. Endeleg leigeavtale vil bli lagt fram for kommunestyret for godkjenning, med oversikt over økonomi som Husbanktilskot, momsrefusjon, husleige, og kontraksvilkår.

Behandling og vedtak i sak 43/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 09.06.2026

Framlegg til vedtak frå Eirik André Hesthamar, Fremskrittspartiet Uttale frå RMNF

RMNF stiller seg bak kommunedirektøren si innstilling, med følgende tre tilleggspunkter:

- RMNF meiner det er eit viktig prinsipp at menneske med funksjonsvariasjonar og omsorgsbehov skal kunne bu i sin eigen bustad framfor å vere avhengige av institusjonsliknande buformer. Dei nye omsorgsbustadene må planleggjast med dette som eit grunnleggjande utgangspunkt.
- Rådet ber om at universell utforming, sjølvstende, sosial deltaking og retten til å leve eit mest mogleg ordinært liv blir lagt til grunn i den vidare planlegginga og utforminga av bustadene.
- RMNF understrekar at husleiga må haldast på eit nivå som gjer bustadene reelt tilgjengelege for målgruppene, slik at økonomi ikkje blir eit hinder for å kunne flytte inn.

Behandling:

Kommunalsjef Eystein J. Venneslan orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei satt opp mot alternativt forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP.

Forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

RMNF stiller seg bak kommunedirektøren si innstilling, med følgende tre tilleggspunkter:

- RMNF meiner det er eit viktig prinsipp at menneske med funksjonsvariasjonar og omsorgsbehov skal kunne bu i sin eigen bustad framfor å vere avhengige av institusjonsliknande buformer. Dei nye omsorgsbustadene må planleggjast med dette som eit grunnleggjande utgangspunkt.
- Rådet ber om at universell utforming, sjølvstende, sosial deltaking og retten til å leve eit mest mogleg ordinært liv blir lagt til grunn i den vidare planlegginga og utforminga av bustadene.
- RMNF understrekar at husleiga må haldast på eit nivå som gjer bustadene reelt tilgjengelege for målgruppene, slik at økonomi ikkje blir eit hinder for å kunne flytte inn.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

**Behandling og vedtak i sak 44/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 09.06.2026**

Behandling:

Prosjektleiar Martha Gindl orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

45/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

**Behandling og vedtak i sak 45/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 09.06.2026**

Behandling:

Det er ingen innkomne spørsmål til politisk kvarter. Saka utgår.

Møtet blei heva kl.16:02

Vedtak:

Saka utgår.